

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 23.10.2006 **Tid:** 14.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Jon Magne Bøgevik møtte f.o.m. sak 31

Brigt Olav Gåsdal møtte f.o.m sak 32

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Kommunekasserar, ass. adm.sjef og adm.sjef.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 30. oktober 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste inkl. ei utsendt tilleggssak vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Helge Reistad ba om at kommunen tek initiativ over fylkeskommunen/Statens Vegvesen om å auka vintervedlikehaldet på første del av Fv 137 Hisdal – Trengereidfjord.

Det vart og drøfta korleis kommunen kunne gje tilbakemelding til Bergen kommune om Samnanger kommune sin reaksjon på innføring av piggdekkavgift. Ordførar orienterte om at ho har meldt spørsmålet inn til styret i regionrådet for Bergen og omland komande fredag. Adm. siteringssjefen orienterte om at naturutvalet har bedt om at ordføraren tek spørsmålet opp på komande kommunestyremøte.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Takk og helsing frå Fredskorpset v. Elden for arrangementet Der mennersker møtes
- Rapport om gjennomføring av TV- innsamlingsaksjonen
- Ordføraren frå Marit A Aase har utarbeidd eit notat dagsett 23.10.2006 om kyrkja på Ådland og manglande vedlikehald. Utvalet drøfta notatet og ber om at det vert lagt fram ein plan med kostnadsoverslag til 02.11.2006.
- Bustadbygging – det vart orientert om drøftingar i naturutvalet og kontakt med aktuelle grunneigarar
- Adm.sjefen orienterte om arbeidet med budsjett 2007

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0030/06	06/00310 Unnateke off. innsyn §6 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - SYSTEMBLOKK ROLVSVÅG BETINGINDUSTRI.
0031/06	06/00058 TILLEGGSLØYVINGAR 2006 -VØLA PÅ KOMMUNAL VEG TIL LI
0032/06	06/00058 TILLEGGSLØYVINGAR - MANGLANDE REFUSJON KOMMUNELEGE I
0033/06	05/00170 REHABILITERING SKULEBYGG UNDER ORDNINGA MED RENTEKOMPENSASJON ENDRING AV FINANSIERING
0034/06	06/00370 SAL AV KONSESJONSKRAFT - DISPONERING AV MEIRINNTEKTER 2006
0035/06	06/00456 Unnateke off. innsyn §6 TILBOD TIL FUNKSJONSHEMMA - NY BEMANNINGSPLAN
0036/06	06/00453 Unnateke off. innsyn TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - SOL OG TRENINGSTUDIO - MONICA GJERDE.

0030/06 **Unnateke off. innsyn §6**
TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - SYSTEMBLOKK ROLVSVÅG
BETINGINDUSTRI.

Handsaming i møte:

Saka vart drøfta på telefon tidlegare, og det var då gitt tilbakemelding om vilje til å løyva inntil kr 28.000 kr.

Vedtak:

Det vert gjeve eit tilskot på inntil kr 28.000 frå næringsfondet. Det utgjer 50% av kostnaden som er relatert til næringsverksemdene. Avgrensinga i tilskotet kjem som fylgje av at det i fylgje vedtektene for næringsfondet kan ytast tilskot på inntil 50 % av kostnaden.

0031/06

TILLEGGSLØYVINGAR 2006 -VØLA PÅ KOMMUNAL VEG TIL LI

Framlegg til vedtak::

Det vert løyvd kr 70.000 til utbetring av kommunal veg til Li. Midlane skal overførast frå konto nr. 1.1200.2800.4900 til konto nr. 1.1601.3300.2300.

Handsaming i møte:

Jon Magne Bøgevik kom til under handsaminga av denne saka.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert løyvd kr 70.000 til utbetring av kommunal veg til Li. Midlane skal overførast frå konto nr. 1.1200.2800.4900 til konto nr. 1.1601.3300.2300.

0032/06

TILLEGGSLØYVINGAR - MANGLANDE REFUSJON KOMMUNELEGE I

Framlegg til vedtak::

Legekontoret – konto nr. 1.3002.2410.0101 vert styrkja med kr 300.000 til oppdekking av manglande trygderefusjon for kommunelege I.

Meirutgiftene vert finansiert ved bruk av premiefondet i Vital.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal kom til møtet under handsaming av denne saka.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Legekantoret – konto nr. 1.3002.2410.0101 vert styrkja med kr 300.000 til oppdekking av manglande trygderefusjon for kommunelege I.
Meirutgiftene vert finansierte ved bruk av premiefondet i Vital.

0033/06

REHABILITERING SKULEBYGG UNDER ORDNINGA MED RENTEKOMPENSASJON - ENDRING AV FINANSIERING**Handsaming i møte:**

Utvalet fatta samrøystes vedtak om å nytta rentekompenasjonen til rehabilitering symjehall.

Vedtak:

Tidlegare vedtak om rentekompenasjon vert oppheva.
All rentekompenasjon til Samnanger kommune vert knytt til rehabilitering symjehall.

0034/06

SAL AV KONSESJONSKRAFT - DISPONERING AV MEIRINNTEKTER 2006**Handsaming i møte:**

Utvalet vil samrøystes rå til at forventta meirinntekter frå sal av konsesjonskraft vert sett av på disposisjonsfondet.

Vedtak:

Meirinntekter på kr 2mill. kroner frå sal av konsesjonskraft på konto nr. 1.1400.3200 vert sett av på disposisjonsfondet.

0035/06

Unnateke off. innsyn §6**TILBOD TIL FUNKSJONSHEMMA - NY BEMANNINGSPLAN****Framlegg til vedtak::**

Tiltaka for funksjonshemma på Skottebakken vert samordna. Personal- og økonomiutvalet har som mål å få innarbeidd kostnadane i budsjettet for 2007 slik dei er skissert i saksutgreiinga.

Handsaming i møte:

Utvalet samla seg om slikt framlegg frå **ordføraren** :

Det vert arbeidd vidare med at tiltaka for funksjonshemma på Skottebakken vert samordna.(Vidare som adm.sjefen sitt framlegg til vedtak).

4 røysta for framlegget frå ordføraren og 1 for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert arbeidd vidare med at tiltaka for funksjonshemma på Skottebakken vert samordna. Personal- og økonomiutvalet har som mål å få innarbeidd kostnadane i budsjettet for 2007 slik dei er skissert i saksutgreinga.

0036/06

**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - SOL OG TRENINGSSTUDIO -
MONICA GJERDE.****Framlegg til vedtak::**

Monica Gjerde får eit tilskot frå næringsfondet til etablering av sol- og treningsstudioet "Svettaren". Tilskotet er på 1/3 av eingangskostnaden, men maksimalt kr 100.000. Tilskotet vert betalt ut frå konto nr. 1.1400.3251.4700.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Monica Gjerde får eit tilskot frå næringsfondet til etablering av sol- og treningsstudioet "Svettaren". Tilskotet er på 1/3 av eingangskostnaden, men maksimalt kr 100.000. Tilskotet vert betalt ut frå konto nr. 1.1400.3251.4700.